



Endre Eidsvik frå Uskedalen er tilsett som ny adm.direktør i Zinus.

Endre Eidsvik (58) frå Uskedalen er tilsett som ny administrerende direktør i bømloselskapet Zinus. Zinus er ein global leverandør av kabeløysingar og ladestrukturar for hamner og skip. Ny låg- og høgspenneteknologi gjer at reiarane kan slå av hjelpemotorane mens dei ligg i hamn, noko som fører til redusert forureinsing og klimagassutslepp.

For å gjera Zinus til den leiande aktøren også globalt, har selskapet tilsett Endre Eidsvik som direktør. Eidsvik er snart 59 år og kjem frå stillinga som Vice President Sales i Viking Nosafe.

Det var mange gode kandidatar til leiarstillinga, men valet fall på Endre, mykje med bakgrunn i den lange erfaringa han har internasjonalt innan maritim næring. Han vert sentral i den vidare veksten og utviklinga av Zinus med mellom anna å utvikla grøn teknologi.

Mange kjenner Endre Eidsvik frå livbåtselskapa Schat-Harding, no Palfinger, og Norsafe AS, eigd av Viking Lifesaving Equipment. Her har Eidsvik lang og brei erfaring frå ulike leiande stillingar innan produksjon, teknisk avdeling og sal.

Endre Eidsvik tek til i den nye jobben seinast mars 2021

Tekst: Kristian Bringedal - henta frå pressemelding
Foto: Norsafe/Zinus
Nett: Kristian Bringedal